



Notat

Dato: 04.05.2015
Arkivsak: 2014/11630-9
Saksbehandlar: josaksd

Til: Kultur- og ressursutvalet,
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering. Status for prøveordning med mellombels delegering av mynde heimla i kulturminnelova til Hordaland fylkeskommune (RS 60/15)

Om saka:

Jf saksprotokoll i fylkesutvalet 23.04.2015 der Marte Malones viste til RS 60/15 og bad på vegner av A om svar på følgjande:

«Vil fylkesordføraren legge til rette for at det kommer opp sak for KURE/FUV i forbindelse med evaluering av prøveprosjekt med delegasjon av midlertidig myndighet i visse saker etter kulturminneloven § 8 første, andre og tredje ledd? Dette særlig med tanke på innspill/synspunkter på eventuelle utvidelser av ordningen (som i følge RS 60/15 gjerne kan tas inn i rapporteringen)».

Igangsetjing av prøveprosjektet:

I brev av 04.02.2011 bad Miljøverndepartementet alle fylkeskommunar om å ta del i prøveordning med delegasjon av mellombels mynde etter kulturminnelova §§ 8, første, andre og fjerde ledd. 15.03.11 vart saka handsama av fylkestinget som gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Under føresetnad av at Miljøverndepartementet godkjenner søknad frå Hordaland fylkeskommune omdeltaking i forsøksordning om delegasjon av mynde etter kulturminnelova § 8 første, andre og fjerde ledd, vert det gjort følgjande endringar og tillegg i Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune:

1. C. Delegasjon etter særlov

Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50 (§ 8 første, andre og fjerde ledd)

Fylkesrådmannen har fullmakt til fatte vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynne i prøveprosjekt med delegasjon av mynde etter kulturminneloven § 8, første, andre og fjerde ledd i perioden 01.04.11 – 31.12.2011 frå Miljøverndepartementet.

2. Fylkesrådmannen skal som førsteinstans handsame klage på vedtak gjort i medhald av dette.

Erfaringar i Hordaland fylkeskommune:

Forsøksordninga med delegering av mynde til fylkeskommunen vart sett i gang 01.04.2011. Formålet med prosjektet var å samle erfaring med delegering av delar av Riksantikvaren sitt myndesområde. Prosjektet er ei vidareføring av arbeidet med forenkla sakshandsaming slik at fylkeskommunane kan fatte vedtak etter kulturminnelova § 8, første, andre og fjerde ledd jf. kulturminnelova § 10 i enkle saker som gjeld arkeologiske kulturminne.

Forsøket skulle prøve ut ei ordning der fylkeskommunane kunne frigje og grave ut arkeologiske kulturminne, og utan å sende sakene vidare til Riksantikvaren (frigjeving) og Universitetsmusea (utgraving). Ordninga skulle vere tids- og kostnadssparande for tiltakshavarar og kommunar. Det vart sett opp hovudkriterier for kva type saker og kulturminne forsøksordninga skulle omfatta:

- Fylkeskommunane/sametinget har mottatt melding/søknad og der det i samband med ei arkeologisk registrering er påvist eitt eller eit avgrensa tal med automatisk freda kulturminne av vanleg førekommande type og det ikkje kan reknast med å gjere ytterlegare funn.
- Der naudsnyt arkeologisk arbeid kan gjennomførast innanfor rammene av det aksepterte registreringsbudsjettet eller.
- Der det kan gis dispensasjon/løyve utan vilkår om arkeologisk gransking

For Hordaland fylkeskommune har forsøksordninga til no fått eit relativt lite omfang. Dette skuldast delvis vilkåra i ordninga som gjer at det få plansaker med automatisk freda kulturminne som fell innanfor rammene. Hordaland fylkeskommune har etablert praksis for å ta aktivt og tidleg del i kommunale og regionale planprosessar. Ved å gjere kulturminnegranskingsar tidleg i planarbeidet unngår ein lettare konflikt i arealbruk og med påfølgjande trøng for dispensasjon etter kulturminnelova.

Dei sakene der Hordaland fylkeskommune har utøvd mynde jf. ordninga, er i dispensasjonssaker med frådeling av bustadomter. Dette er mindre private tiltak der fylkeskommunen er høyringspart og mynde.

Avslutting av prøveordninga:

Slik fylkesrådmannen vurderer ordninga har den likevel fungert brukbart etter intensjonen. Erfaringane gjev grunnlag for å vurdere ei utviding av fylkeskommunen sine heimlar slik at fleire saker kan få ei forenkla sakshandsaming.

Ordninga er organisert som eit prøveprosjekt og hadde i utgangspunktet ei lengd på eitt år frå 1.4.2011 til 1.4.2012. Etter det første året vart prosjektet forlenga med ytterlegare eitt år til 1.4. 2013. For å få så brei erfaring som mogeleg utvida departementet ordninga ytterlegare utvida både i tid og tal deltagande fylkeskommunar. I 2013 vart deltagande fylkeskommunar auka frå 10 til 18 og prosjektet vart lengja til 31.12.2014.

Forsøksordninga er i følgje Riksantikvaren under evaluering og ordninga er forlenga inntil vidare. Hordaland fylkeskommune skal rapportere ved årslutt og rapporten og ei vurdering av våre erfaringar vert lagt fram for politisk handsaming.